
Saksnr:	2024/54480-1
Saksbehandlar	Ann Kristin Kjerland
Dato:	28.01.2025

Til: Hovudutval for kultur, idrett og inkludering

Frå: Direktør for kultur og folkehelse

Rapport om korleis å auke forutsigbarheit for fartøyvernentra sine verft - Riksantikvaren / Agenda Kaupang

Dei tre nasjonale fartøyvernentra (Hardanger fartøyvernenter i Norheimsund, Bredalsholmen Dokk og fartøyvernenter i Kristiansand, og Nordnorsk fartøyvernenter i Gratangen) vart etablerte av Riksantikvaren, med støtte frå vertsfylka, i 1996 for å oppretthalde og vidareutvikle kompetanse innan tradisjonelt handverk knytt til fartøyvern. Sentera har sidan starten opplevd uføreseieleg økonomi i slik grad at det påverkar deira evne til å oppfylle samfunnsoppdraget.

På oppdrag frå Riksantikvaren har Agenda Kaupang (AK) undersøkt situasjonen, gjennom kartlegging og analysar. Rapporten stadfestar ein vanskeleg økonomisk situasjon, som over tid har verka negativt inn på fartøyvernentra si evne til å løyse oppgåvene. Rapporten konkluderer med at finansieringsmodellen ikkje stør godt nok opp om samfunnsoppdraget, og at sentera har vore prega av økonomisk uføreseielegheit sidan starten i 1996. Rapporten peikar òg på strategiar og modellar som kan betre situasjonen.

Denne saka gjer greie for innhaldet i rapporten som ligg ved. Vedlagt er også Fartøyvernentrenes Fellesråd sine kommentarar til rapporten.

Rapporten i korte trekk

Rapporten tek i kapittel 3 for seg dei to ulike tilskotsordningane som har direkte innverknad på sentra: post 74 og post 75 i kap. 1429 på Statsbudsjettet.

Tilskot til fartøyvern [Post 74](#) vert forvalta av fylkeskommunane og er ei tilskotsordning for istandsetjing av verna og freda fartøy. Rapporten syner at rammene for fartøyvernentra vart endra då regionane overtok forvaltingsansvaret tilskotsordninga. Det som særleg gjev utslag er at det har vore ei stor auke (nær dobling) i tal på tildelingar, medan total bevilling til post 74 er relativt stabil, på omlag 70 millionar kroner. Dette tyder at fleire prosjekt får tilskot, men kvart einskild tilskot er mindre. Det vert også peika på som eit moment at tilskotsordninga har ei svært låg dekningsgrad, og at det såleis er eit stort gap mellom behov for – og tilgang på – midlar. Denne situasjonen er i tillegg forsterka av ein nedgang i realverdien av tilskota.

[Post 75](#) vert fordelt til fartøyvernentra frå Riksantikvaren, med føremål å vidareføra dei maritime handverka og skapa solide fagmiljø innan antikvarisk istandsetjing. Rapporten peikar på at dette tilskotet ikkje er driftsstøtte, men eit tilskot som er øyremerkt «kjøp av tenester innan dokumentasjon, kompetansebygging og andre tenester som ikkje forventast at ordinære verft utøver».

Kapittel 4 gjev ei oversikt over dei vanskane sentra står i. Her kjem ein tilbake til dei momenta som vart skildra i førre kapittel: fragmentert finansiering og reduksjon i finansielle midlar. Det vert peika på at fartøyvernsentra opererer i ein konkurranseutsett marknad, og samanlikna med reine kommersielle aktørar, har fartøyvernsentra ei konkurranseulempe ved at samfunnsoppdraget deira krev høg grad av spesialisert kompetanse, og at dei samstundes er engasjerte i prosjekt som er meir ressurskrevjande.

Kapittel 5 set opp mål og rammer for eventuelle tiltak, medan kapittel 6 skisserer alternative strategiar og modellar for å betre den økonomiske føreseielegheit for fartøyvernsentra.

Aktuelle tiltak

Rapporten greier ut fire strategiar og modellar som aktuelle for å løyse utfordringane:

Strategi A – Økt vektlegging av bærekraftig kompetanseutvikling

I forskrift om tilskot til fartøyvern - post 74 seier §1, første setning, at ordninga har som føremål å oppretthalde kunnskapen om eldre handverk og teknikkar knytt til tre- og stålfartøy og fagmiljø med slik kunnskap. Strategi A tek sikte på å tydeleggjere føremålet, og gjennom dette, i større grad kanalisere midlar til prosjekt og aktørar som bidreg til føremålet. Rapporten foreslår at fylkeskommunane/Sametinget nyttar kriteria i tildelingsprosessen for å sikre at tilskota frå post 74 i størst mogleg grad, bidreg til kompetansebevaring og -utvikling. Fylkeskommunen bør som forvaltingsorgan i tillegg organisere og delta i dialogmøte med verft, båtbyggjeri og fartøyeigarar for å fremje berekraftig kompetanseutvikling.

Strategi B – Mer effektiv fordeling av tilskuddsmidlene

Strategien rettar merksemda mot å få til ei meir effektiv allokering av tilskotsmidlane ved å prioritere prosjekt som allereie er i gang. Dette vil vere i tråd med det høgast rangerte prioriteringskriteriet i forskrifta for post 74. Agenda Kaupang peikar på at fylkeskommunane/Sametinget har det direkte ansvaret for å setje strategien ut i praksis gjennom forvaltninga av tilskotsmidlar. Dette inkluderer å bruke prioriteringskriteria konsekvent, rapportere om bruken av desse til Riksantikvaren, og sikre at tilskota blir fordelte på ein måte som maksimerer effektiviteten av midlane.

Fylkeskommunane/Sametinget skal også organisere dialogmøte og samarbeid mellom prosjekteigarar, verft og andre relevante aktørar for å fremje effektiv prosjektgjennomføring.

Modell 1 – Driftstilskudd til bevaring og utvikling av håndverkskompetanse ved de nasjonale fartøyvernentrene

Modell 1 ser på moglegheita for å øymerke tilskotsmidlar til spesifikt å støtte bevaring og utvikling av håndverkskompetanse. Å gje føreseielege rammer for fartøyvernsentra vert understreka som kritisk for langtidsplanlegging og fagutvikling. Rapporten ser på moglegheita for å omfordele midlar frå post 75, og potensielt også post 74, men peikar på at dette kan tolkast som motstridande med prinsippet om desentralisert forvaltning. Agenda Kaupang seier om modell 1 at denne scorar lavt på politisk gjennomførbarheit, då den vil krevja omfordeling av eksisterande tilskot eller nye statlege midlar. Omsyn til EØS-regelverket om statsstøtte kan også gjera gjennomføringa utfordrande. Modell 1 utmerker seg ved å legge til rette for forutsigbar finansiering.

Modell 2 – Delvis sentralisert forvaltning av tilskuddsmidler post 74

Modell 2 ser på moglegheitene for å delvis sentralisere forvaltninga av tilskotsmidlar under post 74, der Riksantikvaren får (tilbake) ansvaret for å administrere ein del av midlane. Den statlege delen vil i så fall vera øymerkt for større, nasjonalt prioriterte prosjekt. Slike prosjekt krev ofte spesialisert kunnskap og strekker seg over fleire år. Å sikre fokusert støtte, vil gje moglegheit til å styrke og bevare fagmiljøa, men kan oppfattast som motstridande med prinsippet om desentralisert forvaltning.

Tilrådingar

Rapporten tilrår å rette særleg merksemd mot strategiane A og B. Desse strategiane er viktige for å oppnå effektiv ressursbruk. Strategiane skal balansere styrkinga av fartøyvernsentra med effektiv ressursbruk. Agenda Kaupang foreslår ein prøveperiode for desse strategiane, etterfølgd av ei evaluering for å vurdere effekten

Samtidig med implementeringa av strategiane A og B, bør det arbeidast parallelt for å etablere driftstilskot og friske midlar som kan fordelast over post 75 eller på andre måtar som styrkjer kompetansemiljøa. Eventuelle ekstra midlar bør primært kome frå KLD sitt budsjett. Hovudårsaka til

dette er at KLD har det overordna ansvaret for kulturmiljøområdet, noko som posisjonerer departementet godt til å forstå og støtte dei spesifikke behova ved fartøyvernsentra. Sekundært kan det vurderast å etablere eit spleiselag som inkluderer bidrag frå fleire kjelder. Ei slik tilnærming gir moglegheit for breiare økonomisk støtte, men kan òg medføre kompleksitetar og potensielle ulemper med omsyn til koordinering.

Vedlegg

- 1 Hvordan kan man gi større forutsigbarhet til fartøyvernsentrenes verftsdelar - Agenda Kaupang på oppdrag frå Riksantikvaren 2024
- 2 Fartøyvernsentrenes Fellestråd (FF) innspill til AgendaK-rapport RA 2024